



Olav Svendal Aase
Jægerbakken 6 C
5042 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2231 - 22/9971

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
03.02.2022

Landbrukssak GBNR 23/3 Svindal - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 130/22

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Olav Svendal Aase løyve til bygging av omsøkt veg på 23/3 Svindal.

Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som ømsøkt.
- Løyver, fullmakter og nabovarslar må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Vert det større hogst i området så må det meldast kommunen slik at ein får ei avklaring på dette med yttergrensa for hogsten med tanke på dei ulike naturtypane..
- Vedtaket er gyldig til 15.02.2025

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

Saka gjeld

Olav Svendal Aase søkar om ombygging av ca 230 meter landbruksveg til vegklasse 4. Oppgraderinga er estimert til ca 230 000kr og skal gje tilkomst til ca 10 000kubikk med hogstmoden skog. Oppgraderinga vil auka bæreevna og gje ein snuplass.

VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheitsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt

på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.


Landbrukskontoret i Alver v/Nils Kaalaas har hatt kontakt med Jan Ivar Rødland ang området for frivillig vern på Svendal.

Rødland opplyser at det området som kan vera aktuelt for frivillig vern vil ligga eit godt stykke utanfor det som vil vera det naturlege dekningsområde for denne vegen.

AT skog ved Rødland har såleis ingen merknad til at bygging av vegen og eventuell skogsdrift i vegen sitt dekningsområde vil redusera verneverdien i dette området

Det har vært synfaring saman med Statsforvaltaren i samband med frivillig skogvern.

Vegen vil i denne saka tena både skog og jordbruksføremål og er såleis i tråd med forskrifta. Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Det er registrert fleire naturtypar i området som Statsforvaltaren har uttalt seg om.



Saka har vært på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune v/kulturavdelinga. Uttale frå fylkeskommunen og Vestland fylkeskommune ligg vedlagd.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier
Naturmangfaldlova
Forvaltningslova
Kulturminnelova
Offentlegheitslova

Privatretslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpa med.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Svar på høyring av oppgradering av landbruksveg - gbnr 23/3 Svindal
Kulturminnefagleg fråsegn - Bygging av landbruksveg gbnr 23/3 Svindal

Mottakarar:

Olav Svendal Aase

Jægerbakken 6 C

5042 BERGEN